

Møre og Romsdal SV krev informasjon om kobolt i batteri

Mineralet kobolt er vanleg i batteri, i alt frå mobiltelefonar til elbilar og elbåtar. Brørparten av all kobolt i verda kjem frå Kongo. Dennis Mukwege sette dei kritikkverdige forholda i gruveindustrien i heimlandet på dagsorden då han tok i mot Nobels Fredspris for nokre år sidan. Det er rapportert om alvorlege menneskerettsbrot i utvinninga – frå barne-og slavearbeid til valdtekt som våpen – og prostitusjon.

Etter framlegg frå SV stiller Vestland fylkeskommune no krav om gjennomsiktinge forhold og dokumentasjon knytt til sosiale og miljørelaterte forhold i heile leverandørkjeda for batteri og køyretøyprodusentar når dei lyser ut anbod. Også Bergen kommune stiller batterikrav til køyretøy. Det vert også arbeidd med ein bransjestandard for livsyklusanalyse av elektriske bussar.

Også i Møre og Romsdal blir ferjer og bussar drivne av elektriske batteri. Fylket stiller miljø-og klimakrav i ferje-og busstilbod. Fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal SV meiner fylkestinget bør følgje eksempelet frå sør, og gjere vedtak om liknande krav. Dette må også gjelde offentlige innkjøp av mobilar og nettbrett.

Møre og Romsdal SV meiner:

- at både Fylkeskommune og Stat må stille krav, både til gjennomsiktinge forhold og dokumentasjon, knytt til heile leverandørkjeden for batteri ved offentlige innkjøp.